

Utval: Utval for opplæring og helse**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen**Dato:** 14.05.2019**Tidspunkt:** 10:00-14:10**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	A
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Dan Femoen	Medlem	H
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	V
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Tor Andre Ljosland	Medlem	KRF
Torgeir Toppe	Medlem	A
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Jeanette Syversen	Medlem	R (til kl. 12.00)
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Daniel Charles Hextal	Medlem	SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jeanette Syversen	Medlem	R, (frå kl. 12.00)

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arild Borgen	Jeanette Syversen	R (frå kl. 12.00)

Merknader

Emil Gadolin hadde forfall frå kl. 11:00 til kl. 11:40. Roald Kvamme møtte som vara for Gadolin.
Alexander Fosse Andersen fungerte som leiar i tidsrommet 11:00 til 11:40.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør, eigedomsavdelinga
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar fellestenester, opplæringsavdelinga
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule, opplæringsavdelinga
Torbjørn Mjelstad	Seksjonsleiar fagopplæring, opplæringsavdelinga
Annbjørg Laupsa	Seksjonsleiar oppfølgingstenesta, opplæringsavdelinga
Kathrin Jacobsen	Seksjonsleiar regionalavdelinga
Baste Tveito	Leiar i Nordhordland næringslag
Merethe Helland Nordnæs	Utvalssektetær, fylkessekretariatet

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 33/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 34/19	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 35/19	Referatsaker (meldingar)		
PS 36/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 6/19	Spørsmål frå Ljosland - Krf - Oversikt over ventetid tannbehandling	2019/11266	
RS 15/19	Administrative vedtak i klassestrukturen skuleåret 2019/20	2018/16397	
RS 16/19	Nedleggelse av programområdet automasjon	2018/16397	
RS 17/19	Oppfølgingstenesta (OT) sitt arbeid med ungdom som er koda som "ukjent aktivitet"	2018/8502	
RS 18/19	Vedk. spørsmål om praktisering av skjønsmessig inntak for elevar med lang reiseveg	2016/8071	
RS 19/19	Svar på spørsmål vedk. seksuell trakassering	2019/10751	
RS 20/19	OPHE PS 17/19 Svar på spørsmål om «Lokalisering av Karrieresenter Bergen frå 2020 til nytt fylkesbygg er etablert»	2019/10521	
RS 21/19	Program for folkehelsearbeid i Hordaland. Status programarbeidet og endra økonomiske rammer	2018/10978	
PS 37/19	Ymse		
PS 38/19	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 3 - 2019	2019/1432	
PS 39/19	Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2019/20 - prognoseinntaket	2018/16397	
PS 40/19	Bømlø vgs - lokalisering verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk	2014/11864	
PS 41/19	Auka gjennomføring og fleire ut i lære - erfaringar og tilrådingar	2017/1228	
PS 42/19	Høyring - om endringar i forskrift om utdanningsstønad for elevutveksling til utlandet	2019/10703	
PS 43/19	Eigenandel elev-PC 2019	2017/3598	

PS 33/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Vedtak

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

PS 34/19 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Vedtak

Møteprotokoll frå møte den 09.04.2019 vart godkjent utan merknader.

PS 35/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Referatsakene RS 15/19 – 21/19 vart refererte.

PS 36/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

FO 6/19 Spørsmål frå Ljosland - Krf - Oversikt over ventetid tannbehandling

Representanten Tor Andre Ljosland har stilt spørsmålet:

«Finnes det en offentlig tilgjengelig oversikt over ventetiden for ulike tannbehandlinger hos de fylkeskommunale tannlegene? Hva er snittverdien for de vanligste behandlingene?»

Den fylkeskommunale tannhelsetenesta har inga offentleg oversikt over ventetid på dei ulike tannklinikkane. Tannhelsetenesta har som kvalitetsmål å ha ikkje ha ventelister. Men i særskilde høve, som til dømes ved sjukefråvær, permisjonar eller ved vakansar, kan det bli forseinka innkalling. Leiar må i slike tilfelle vurdere å omprioritere personalressursar frå andre fylkeskommunale tannklinikkar.

Tannhelsetenesta har, med eit unntak, ikkje nasjonale krav om ventelistegarantiar slik som til dømes i spesialisthelsetenesta. Unntaket om krav til ventetid er for tannhelsetilbodet til personar som har vore utsett for tortur, overgrep eller har sterk angst for tannbehandling.

Ventetid for vanleg innkalling til tannlege eller tannpleiar.

Det er vanleg rutine at tid (månad og år) for ny innkalling til tannhelseundersøking blir avtalt direkte mellom pasient/føresett og behandlar. Tid for innkalling skal byggja på faglege vurderingar. I dei nasjonale retningslinjene for behandling av born og unge står at «undersøkelsesintervallet bør være minimum ett år og maksimum to år.» På dei fylkeskommunale tannklinikkkane er det normalt ikkje nemneverdig ventetid til vanleg tannhelseundersøking.

Ventetid for spesialistbehandling.

Sidan 2012 har tannhelsetenesta i Hordaland hatt eige spesialisttilbod på tannhelsetenesta sitt kompetansesenter (TkVest), og pasientar med behov for spesialistbehandling blir tilvist dit. Det er 7 godkjente odontologiske spesialitetar, og ventetida varierer mellom dei ulike fagområda. Lang ventetid skuldast ein kombinasjon av manglande budsjettmidlar og rekrutteringsvanskar av spesialist.

Ventetider for aktuelle spesialistområder:

- Endodonti (rotfylling) 2-3 mnd
- Periodonti (tannkjøttsbehandling) 3 mnd
- Pedodonti (barne-/ungdomstannpleie) 4-5 mnd
- Kjeveortopedi (tannregulering) 6-8 mnd
- Protetikk 8-10 mnd
- Implantatvurdering 12 mnd

Ventetid for tannbehandling i narkose.

Tannhelsetenesta i Hordaland har tannbehandling i narkose på Stord sjukehus, Haukeland universitetssjukehus og eit poliklinisk tilbod på Solheimsviken tannklinikk. Tannbehandling i narkose blir kun utført på tilviste pasientar i dei prioriterte gruppene, og det blir for kvar pasient gjort ei faglege

vurdering i kva grad behandlinga hastar eller kan vente. Ventetid på tannbehandling i narkose vil difor variere frå inga venting til 6 månader.

Ventetid for tannhelsetilbod til personar som har vore utsett for tortur, overgrep eller har sterkt angst for tannbehandling.

Helsedirektoratet har sidan 2012 løyvt midlar slik at den fylkeskommunale tannhelsetenesta kan gi eit tilpassa tannhelsetilbod til personar som har vore utsett for tortur, overgrep eller har sterkt angst for tannbehandling – det såkalla TOO-tilbodet. Ein viktig del av TOO-tilbodet er angstbehandling hos psykolog. Tilbodet er framleis under oppbygging, men Helsedirektoratet har nå sett krav til tannhelsetenesta om maksimal ventetid for desse pasientane. Krava er:

- Maksimalt 8 veker frå tilvising til vurderingssamtale
- Maksimalt 4 veker frå vurderingssamtale til behandling i Tverrfaglig behandlerteam
- Maksimalt 4 veker frå behandling i Tverrfaglig behandlerteam til behandling i Tannbehandlerteam

Tannhelsetenesta i Hordaland har organisert TOO-tilbodet slik at TkVest har fagansvaret samstundes med at det også blir utført behandling der. Det er vidare 6 tverrfaglege behandlerteam ute i tenesta (Stord tannklinikk, Frekhaug tannklinikk, Voss tannklinikk, Øygarden tannklinikk, Askøy tannklinikk og Årstad tannklinikk).

Det er varierende ventetid hos dei ulike TOO-teama. Ventetida er for dei fleste teama opp til 32 veker, medan dei tverrfaglege behandlerteama på Stord tannklinikk og Voss tannklinikk har 8 vekers ventetid. Pasientar som kvalifiserer til TOO-tilbodet blir spurt om dei ønskjer time hos det teamet med kortast ventetid.

Ventetida for pasientar i TOO-tilbodet er det siste året redusert frå 52 veker i slutten av 2018 til maks 32 veker nå. Tannhelsetenesta i Hordaland har som mål å nå Helsedirektoratet sitt krav i løpet av 2019.

PS 37/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Orienteringar:

- Samarbeidsmodellen om kompetanseutvikling v/seksjonsleiar ved regionalavdelinga Kathrin Jacobsen.
- Kunnskapsgrunnlag for Nordhordland – kompetanserapporten v/leiar i Nordhordland næringslag Baste Tveito.

Arild Borgen (R) sette fram slikt forslag til i sak RS 19/19 Svar på spørsmål om vedk. seksuell trakassering:

Rødt foreslår at RS19/2019 følges opp av administrasjonen med den hensikt å forbedre elevundersøkelsen slik at en fanger opp elevenes erfaringer med seksuell trakkasering, jmf punkt 1 i fylkesrådmannens svar. Vi ønsker en orientering på dette ved et senere tidspunkt. Vi ønsker også at punkt 2 i rådmannens svar følges opp.

Røysting

Borgen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tor Andre Ljosland (KrF) stilte følgjande spørsmål:

1. TO-tilbudet er ikke et søkbart tilbud i VIGO. Hvordan forsøker fylkeskommunen å imøtekomme elever med tilretteleggingsbehovs ønske for skole og linjevalg?
2. Er det mulig at enkeltvedtak om tilrettelegging kan gjøres før skolestart i VG1. Er det eksempler på skoler som gjør dette?

3. Hvilke alternativer er det for kompetansebevis etter fullført utdanning for ungdommer som trenger tilrettelegging?

Spørsmåla vart svart munnleg i møtet.

PS 38/19 Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 3 - 2019

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	643.020.00	02320	02177 Askøy vgs. – Mindre tilbygg modulbygg	1 000 000	
10	777.021.00	02320	03000 Rehab. / omb./ tilbygg		1 000 000
				1 000 000	1 000 000

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstiling til fylkesutvalet

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	643.020.00	02320	02177 Askøy vgs. – Mindre tilbygg modulbygg	1 000 000	
10	777.021.00	02320	03000 Rehab. / omb./ tilbygg		1 000 000
				1 000 000	1 000 000

PS 39/19 Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2019/20 - prognoseinntaket

Forslag til innstilling

Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2019/20

Skule	Utdanningsprogram/programområde
Askøy vidaregåande skole	Vg2 Data og elektronikk
Austevoll vidaregåande skule	Vg1 Studiespesialisering
Bømlo vidaregåande skule	Vg2 Sal, service og tryggleik
Knarvik vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Kvam vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Kvinnherad vidaregåande skule	Vg1 Service og samferdsel

Kvinnherad vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Laksevåg vidaregåande skole	Vg2 Industriteknologi
Laksevåg vidaregåande skole	Vg3 Elektrofag m/ studiekompetanse
Odda vidaregåande skule	Vg2 Kjøretøy
Slåtthaug vidaregåande skole	Vg2 Automatisering
Sotra vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Sotra vidaregåande skule	Vg1 Design og handverk
Stord vidaregåande skule	Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse
Stord vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Voss gymnas	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Voss gymnas	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Voss gymnas	Vg2 Blomsterdekoratør
Voss gymnas	Vg2 Frisørfag
Årstad vidaregåande skole	Vg2 Laboratoriefag
Åsane vidaregåande skole	Vg2 Industriteknologi
Åsane vidaregåande skole	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

Roger Pilskog sette fram likt forslag på vegne av LO/NHO:

«Y-nemnda slutter seg til innstillingen.

Flere av tilbudene som legges ned etterspørres av arbeidslivet. Y-nemnda ber på denne bakgrunn om at disse tilbudene er søkbar ved neste utlysning, samt at en går gjennom tilbudsstrukturen innenfor disse fagene spesielt, for å sikre tilgangen på arbeidskraft som arbeidslivet etterspør i alle regioner.

Y-nemnda viser til politiske mål om at skolenes tilbud skal dimensjoneres i forhold til tilgjengelige læreplasser. Kompetanseforum Hordaland ved Samarbeidsarena Nordhordland/ Osterøy, tilbydde læreplassgaranti ved sine tre skoler forutsatt dialog med Hordaland fylkeskommune om dimensjonering av tilbud i forhold til arbeidslivets behov. Y-nemnda ber at det settes fortgang i arbeidet, og ser positivt på at det er avtalt møte.»

Røysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Y-nemnda sluttar seg til innstillinga.

Fleire av tilboda som leggst ned etterspørjast av arbeidslivet. Y-nemnda ber på bakgrunn av dette om at desse tilboda er søkbare ved neste utlysning, samt at ein går særskild gjennom tilbudsstrukturen innanfor desse faga, for å sikre tilgangen på arbeidskraft som arbeidslivet etterspør i alle regionar.

Y-nemnda viser til politiske mål om at skulane sine tilbod skal dimensjonerast i høve til tilgjengelege læreplassar. Kompetanseforum Hordaland ved Samarbeidsarena Nordhordland/ Osterøy, tilbydde læreplassgaranti ved sine tre skular så fram dialog med Hordaland fylkeskommune om dimensjonering av tilbod i forhold til arbeidslivet sine behov. Y-nemnda ber at det setjast fortgang i arbeidet, og ser positivt på at det er avtalt møte.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Alexander Fosse Andersen (SP) sette fram slikt forslag på vegner av SP, A, KrF og SV:

«Vg1 Studiespesialisering ved Austevoll vgs vert ikkje lagt ned.»

Kine Bratli Dale (A) sette fram slikt forslag felles forslag på vegner av A, SP, SV, KrF, V, H, FrP, MDG og R:

«Tilleggsforslag:

Utvalget understreker at vi ønsker å gjøre tilbudet om automatisering ved Slåtthaug VGS søkbart I VIGO til neste år.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Alexander Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Kine Bratli Dale sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2019/20

Skule	Utdanningsprogram/programområde
Askøy videregående skole	Vg2 Data og elektronikk
Bømlo vidaregåande skule	Vg2 Sal, service og tryggleik
Knarvik vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Kvam vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Kvinnherad vidaregåande skule	Vg1 Service og samferdsel
Kvinnherad vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Laksevåg vidaregåande skole	Vg2 Industriteknologi
Laksevåg vidaregåande skole	Vg3 Elektrofag m/ studiekompetanse
Odda vidaregåande skule	Vg2 Kjøretøy
Slåtthaug vidaregåande skole	Vg2 Automatisering
Sotra vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Sotra vidaregåande skule	Vg1 Design og handverk
Stord vidaregåande skule	Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse
Stord vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Voss gymnas	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Voss gymnas	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Voss gymnas	Vg2 Blomsterdekoratør
Voss gymnas	Vg2 Frisørfag
Årstad vidaregåande skole	Vg2 Laboratoriefag
Åsane vidaregåande skole	Vg2 Industriteknologi
Åsane vidaregåande skole	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar

Vg1 Studiespesialisering ved Austevoll vgs vert ikkje lagt ned.

Utvalget understreker at vi ønsker å gjøre tilbudet om automatisering ved Slåtthaug VGS søkbart i VIGO til neste år.

PS 40/19 Bømlo vgs - lokalisering verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar at framtidig lokalisering av verkstadar til faga TIP, EL og Naturbruk blir i nybygget til UNITECH på Rubbestadneset, alternativ C.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle endeleg avtale med eigar av nybygget til UNITECH basert på vedlagte intensjonsavtale når endeleg fagtilbod er vedtatt.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Kine Bratli Dale (A) sette fram slikt oversendingsforslag på vegner av A, SV, R, SP, KrF, MDG, V, H og FrP til fylkesrådmannen:

«Utvalg for opplæring og helse ønsker at fylkesrådmannen redegjør for de fremtidige planene for det fylkeskommunale TO- tilbudet som I dag er lokalisert I Bømlo kommune. På hvilken måte skal disse elevene ivaretas I fremtiden, både mtp fysisk og pedagogisk tilrettelegging. Vi ønsker også en vurdering av hvorvidt det er mulig å inkludere disse I vanlige klasser, og I hvilken grad det er nødvendig med tilrettelegging utenfor ordinær klasse. Utvalget ber om skriftlig svar som følger saken frem mot behandlingen I fylkesutvalget og fylkestinget.»

Daniel Charles Hextal (SV) sette fram slikt oversendingsforslag på vegner av SV:

«SV ber om at spørsmålene som fremgår i e-posten fra Rune Indrehus fra Rubbestadneset vgs blir besvart innen møtet i Fylkestinget i Juni, og tar stilling i saken når alle informasjon er tilgjengelig:

1. Så vidt eg kjenner til, har Hordaland fylkeskommune som fast politikk at ein skal eige skulebygga ein nyttar. Å leige bygg, er ei løysing som berre skal nyttast tidsavgrensa; når ein t.d. må vente på nybygg eller ombygging, eller når ein veit at aktuelt tilbod skal ha ei kort levetid.
2. Omtalen av alternativ B inneheld – etter mitt syn - grunnleggjande feil: Fylkeskommunen treng ikkje å verken kjøpe, eller få regulert tomt. **Fylkeskommunen eig i dag ei (veldig) stor tomt** som noverande RUV ligg i – svært «nær industrien». Dei økonomiske aspekta, og tidsaspekta eg er inne på over, er såleis ikkje reelle. Ein kan t.d. sjå føre seg å sanere internatbygget i nord og bygge på ei stor, flott tomt der; eller ein kan sanere «Blåbygget» i sør (elektroavdelinga sitt noverande hus – oppført av tyskerbrakker), og ha rikeleg plass til eit verkstadbygg der. (Eg er klar over at vedtaket i 2016 seier at RUV-eigedommen skal seljast, men det er nok råd å ta unna tilstrekkeleg tomt til verkstadbygg, dersom viljen er til stades.)»

Dan Femoen (H) sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 3.

Dersom det ikke oppnås enighet om alternativ C, vil man gå videre med alternativ B.»

Røysting

Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av A, SV, R, SP, MDG, V, KrF, H og FrP utan realitetsbehandling.

Hextal sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av SV utan realitetsbehandling. Femoen sitt forslag fekk 7 røyster (H, FrP, SV og R) og falt.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtar at framtidig lokalisering av verkstadar til faga TIP, EL og Naturbruk blir i nybygget til UNITECH på Rubbestadneset, alternativ C.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle endeleg avtale med eigar av nybygget til UNITECH basert på vedlagte intensjonsavtale når endeleg fagtilbod er vedtatt.

PS 41/19 Auka gjennomføring og fleire ut i lære - erfaringar og tilrådingar

Forslag til innstilling

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen til lære. Elevane som går ut i frå Vg2 skal vere kvalifiserte fagleg og sosialt og ha dei kvalifikasjonane arbeidslivet etterspør og med det vere tilsetningsklare for læreplass.
2. Det må settast av ressursar som kan støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2.
3. Dei system og det verktøy som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», skal implementerast i skulane for å systematisere skulane sitt arbeid med identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) fram mot læreplass

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen til lære. Elevane som går ut i frå Vg2 skal vere kvalifiserte fagleg og sosialt og ha dei kvalifikasjonane arbeidslivet etterspør og med det vere tilsetningsklare for læreplass.
2. Det må settast av ressursar som kan støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2.
3. Dei system og det verktøy som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», skal implementerast i skulane for å systematisere skulane sitt arbeid med identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) fram mot læreplass

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen til lære. Elevane som går ut i frå Vg2 skal vere kvalifiserte fagleg og sosialt og ha dei kvalifikasjonane arbeidslivet etterspør og med det vere tilsetningsklare for læreplass.
2. Det må settast av ressursar som kan støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2.
3. Dei system og det verktøy som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», skal implementerast i skulane for å systematisere skulane sitt arbeid med identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) fram mot læreplass

PS 42/19 Høyring - om endringar i forskrift om utdanningsstønad for elevutveksling til utlandet

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse støttar forslag til endringar i høyringsnotatet og med tilhøyrande kommentarar som det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for opplæring og helse støttar forslag til endringar i høyringsnotatet og med tilhøyrande kommentarar som det går fram av saksutgreiinga.

PS 43/19 Eigenandel elev-PC 2019

Forslag til innstilling

- 1 Uhellsforsikring vert inkludert i prisen på grunnmodellen. Dette vil gje elevane større økonomisk tryggleik i høve til reparasjonskostnader i tre år.
- 2 Subsidiien på grunnmodellen vert sett til om lag kr 3 800,-.
- 3 Subsidiien til kraftig pc vert sett til om lag kr 1 750,-.
- 4 For Mac-maskinar vert subsidiien sett til om lag kr 1 100,-.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.05.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (Rødt).

Innstilling til fylkesutvalet

- 1 Uhellsforsikring vert inkludert i prisen på grunnmodellen. Dette vil gje elevane større økonomisk tryggleik i høve til reparasjonskostnader i tre år.
- 2 Subsidiien på grunnmodellen vert sett til om lag kr 3 800,-.
- 3 Subsidiien til kraftig pc vert sett til om lag kr 1 750,-.
- 4 For Mac-maskinar vert subsidiien sett til om lag kr 1 100,-.